



Bergensungdommar set opp lavvoar ved Fjellandsbøvatnet som base for eit turopplegg i juli i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fjellsportentusiastane frå Bergen likar seg i Uskedalen og denne helga får vi eit nytt prov på det: Fredag kveld kjem ei gruppe på nesten 50 som skal vera med i ei fjellsportsamling arrangert av DNT Fjellsport Bergen og som har eit breitt tilbod av aktivitetar på laurdag. Bergen Turlag stillar med både klatreinstruktørar og turleiingar og det blir overnatting i lavvoar nedanfor Fjellandsbø.

- Ei gruppe skal på bretur til Botnabreen – med breføring i eitt av Folgefonna sine vakre brefall (mest populært av tilboda med 14 påmelde).
- Ei gruppe skal prøva seg på Bjørndalstraversen, som er ein luftig ryggtravers med litt klyving.
- Ei gruppe skal gå på Ulvanåso, ein enkel topptur som sjølv dei med høgdeskrekk kan prøva seg på, meiner turleiinga.
- Ei gruppe skal i Vetletindpilaren i Ulvanåso, som byr på topptauklatring med instruktørar.

Sundag blir det fellestur til Melderskin.

I introduksjonen til Vetletindpilaren skriv fjellsportgruppa at Uskedalen er sagnomsust blant fjellklatrarar i Bergensområdet. Her er det mange hundre bratte meter med perfekt granitt og ruter på opptil 15 taulengder. Gruppa skal halda seg i den nedre delen av vegg.

Om Ulvanåso-turen heiter det i førehandsreklamen at turen gjev fantastisk utsikt frå Nordsjøen i vest til Folgefonna i nordaust.

Fjellsportgruppa hadde eit liknande opplegg i september fjor.

Av Ola Matti Mathisen